

God aktivitet i Indremisjonen

20.01.2012



Formann Jon Harald Kjærland takka Aud Isaksen Haugland og Inger Anne Leite med blomar

Uskedal Indremisjon summerer opp sitt arbeidsår nummer 148 med at året inneholdt mykje å gle seg over. Dei tradisjonelle festane, bønemøter, sundagsmøter, nattverdmøter og møteveker viste god aktivitet. Men mange ting kan føra til missmot, som at det er få på møta, at det kan vera vanskeleg å skaffa talar og at alderen i forsamlinga aukar. Dessuten minkar tiltrua til Guds ord, konstaterer styret.

Årsmeldinga held fram:

- Det gjeld ikkje berre i samfunnet, men langt inn i våre forsamlingar. Vi må heller ikkje gløyma det ufødde liv. Også siste året er 15 000 abortar gjennomført i landet. Ikke rart at eldrebølgja snart er innover oss. Gud let seg ikkje spotta.

Under årsmøtet i kveld vart det lagt fram eit rekneskap som viste eit overskot på 17 300 kroner slik at UI no har 58 515 kroner i banken. 46 950 kroner har gått til rehabilitering av kjellaren og 31 787 til straumutgifter. Kjellarsalen vart malt. Det var eit stort arbeid gjort av få og resultatet var imponerande, blir det slått fast.

I mars sendte styret ut brev om därleg økonomi og resultatet av innsamlinga vart 45 000 kroner. Loppemarknaden i samband med flyttinga til Edith og Gunnar Kjærland ga 6 000 som skal nyttast til rullestolrampe

Arbeidet med det gamle kjøkenet vart ferdig tidleg i fjor.

Årsmeldinga kjem også inn på opphaldet til Os-fellesskapet som vart noko omstridt og her heiter det at ordet vart frimodig forkrynt.

To gjekk ut av styret - Aud Isaksen Haugland og Inger Anne Leite - og dei vart erstatta av Sella Hjønnevåg og Britt Torill Mathiesen.
Formann Jon Harald Kjærland held fram og det gjer også Jan Tvedt og Tormod Myklebust.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Styret etter årsmøtet i kveld: Jon Harald Kjærland, Jan Tvedt, Tormod Myklebust, Sella Hjønnevåg og Britt Torill Mathiesen